Førsteblad 1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1 | Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Fitjar

Emne: Ard og plog. | Bygdelag: Halsnöy

Oppskr. av: Johne T. Halsnö | Gard: Halsnö

(adresse): Skartveit | G.nr. 22 Br.nr. 6

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Spm. 1. Ard og plog er ein å same ting etter alm. meining herrundt. Etter gamalt sa ein ar eller veltaren, og velte (pløyde) åu kjöre veltaren", bräut åkeren". I nyare tid seier ein plog (pløya).

" 2. Herrundt bruktes arden kun å bryta åkeren fyr såing. Den kjörtes ikkje på kryss å tvers til å myldna kornet nid med, her, dertil bruktes grev, rive eller harv (hårv).

" 3. Frå gamalt å til ganske få år sidan bruktes her ar, veltar eller plog når ein sette jordeple (poteter) ein sette i kvar får (fåre) og velte eller pløyde over alt fort. No brukas helst hyppeplog til dette bruk. Ein skjeller millom ar og hyppeplog, meddi arden legg molda berre ein veg, medan hyppeplogen med ymse slags skjær legg molda alle vegar.

" 4-5. Vistnok var her og frå urgamalt brukt slike typer ar eller plog t. d.

4620

Spm. ein spölvoksen trekrok, men eg kan diverre ikkje gje noko nograne svar på dette.

" 6. Ja, det var vongsen, fjöla, stokkjen, (handtaket å kniven eller skjæret! Skoklerne kallas her dilla (ei dilla) ar- eller plogdilla.

" 7. Nei, det kjenner eg ikkje til.

" 8. Ikkje det veit eg heller av.

" 9. Nei ikkje herumkring sovidt eg veit.

" 10. Dei gamle arar var ikkje noko stilbare greier på, det var plogkaren så matte passe av djupna av veltefårå (plogfåren).

" 11. På disse trakter har eg ikkje set eller haurt gjete at slike ardtyper har vore brukt.

" 12. Det var visstnok bygdesmedar så laga dei gamle arar eller plogar.

" 13. No brukas bare dei mest moderne fabrikkplogar. Den fyrste Kvernelandsplog kom her til bygda rundt århundredskiftet, å ein 10£ av disse kosta kr. 35.– I 1890 åri laga ein bygdesmid her (G. Himle) plogar etter amerikansk modell, med ganske kort fjöl, nermast på skap som fig. 15 med vel-

4620

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Spm. 13. Setjöl å vongs av oljeherdet stål. Desse plogar gjekk som regel reine (held seg blanke) men blei om nokre år avløyst til fordel av Kvernelandsplogen. Kva dei gamle arar elle plogar kosta har eg ikkje greia på.

" 14. Fig. 8, 11 å 14 er kjendte artyper her frå gamal tid. Dei hadde truleg sine særskilde namn, men det huges eg ikkje diverre. Veltefjöla var frå urgamall av tre, men blei suksesivt i årenes löb delvis å seinare heilt erstatta av jern, i same mun vongse å landsida. På dei eldste artyper var veltefjöla flat, men dei seinare typer var dei vridd.

" 15. Ja, iblandt brukkes ein arspa til at rense veltefjöla for mold, som regel av tre. Eit 3/4" bordstykkje noke artynna i eine ende 7-8" langt å ca 4" breidt, med hol i tykenden med taug eller band gjenom hefta om handledet (omleen), men som oftast bruka ein foten å trö molda av plogfjöla med.

" 16-17. Ein kjörte som regel aren (plogen) attende på den motsatte sida av veltefjöla, kor der var ein slapestokk liknande som fig. 9.

" 18. Ikkje vanleg, men det hövde på dei stader der var så brattlendt at ein

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 4620

Arð å plog.

IV

Spm. 18. ikkje kunne kjöra plogen (aren) i mol, at ein hadde både högre - å vinstre - plog, så ein år um anna skiftesvis kunne bryta til båe sidor.

" 19. Med desse gamle arar pløyde en på 5 - 7 t. djupt, utan noke stillbare greier (sjå spm. 10). På dei sinaste artyper var der slepesko, på (Hinleplogen) å dei seinare fabrikkplogar var hjul.

" 20. Ristel var der på alle gamle artyper så bruktes herrund.

" 21. Nei.

" 22. Noken ekstra slede til å kjöra plogen på trur eg ikkje noken herrundt hadde, om det trongst bruka ein meiasleen (reasleen) eller kjerra.

" 23. Slike namngjevne ar- eller plogtyper veit eg ikkje. Eg viser i dette hövu til svar på spm. 13 å 19. Dei gamle arar hadde navn etter dei bygdesmeer som laga dei, utan eg no kan huga noke navn.
Dei vanlige navn på ar eller plogdelerne her var vongsen, fjöla, landsida, ristel, arstokkjen, slepesko, slepestokk, oppstö, å handtak utanum draböiell framme med arlekkje festa til della.
Her bruktes bare plogtyper som la molda til ei sida, dei kalltes ar (aren) eller veltaren.
Her uttalas ar og no plog. I bygdemålet må ein vel seia at ar er hankjönn, eg la ån få meg - sette åu inn.

4620

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING